

# HAREID ROTARY KLUBB

Månedsbrev for September 2019.

Distrikt 2305  
Klubbnr. RK  
12713

Årgang  
55



---

Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00  
Møtestad: Klubbhuset til Hareid  
IL, 6060 Hareid.  
President: Bjørn Teigene  
Visepres: Oskar Grimstad  
Sekretær: Vegard Gjerde  
Kasserar: Hanne Rognan  
Past pres: Sverre Jarl Ulstein  
Styremedlem: Harald Elias Teigene  
Ansv.red.:  
Referent:

---

## *Sumarkvelden*

Velkomen atter hit til vaara Grender,  
velkomen her, du sæle Sumarkveld,  
med Lauv og Gras ut yver alla Strender  
og gule Blomar i den grøne Feld,  
med lette Smaasky, lagd i langa Render  
som Traadar i det høge Himmel-Tjeld,  
og med den milde Ljosken, som seg breider  
ut yver Fjell og Fjord paa alla Leider.

Her er so ljøs ein Lit paa alle Grunnar  
for ljøs til Natt og mesta dim til Dag.  
Dei stille Votni standa blaa som Brunnar,  
og Fossar syna seg i kvite Drag.  
Det myrkjer i dei tette Holt og Runnar;  
det ljøskaar i dei blakke Bygdalag.  
Den ljøse Himmel speglar seg i Sjoen  
og blikar mildt i Doggi yver Moen.

Her glytter Ljøs igjenom tusund Gluggar  
imillom Lauvet i den tette Lund.  
Inn under Bjørkom standa ljøse Skuggar  
rett som ein Flekk um Roti, lett og rund.  
Det gustar ingen Vind, som Toppen ruggar,  
i denne kvildarrike Nattarstund.  
Den snøgge Fuglen kurer trøytt av Dagen,  
og rosutt Fivreld' roar seg i Hagen.

Den sidste Sol-Blenk er i Havet sokken,  
den fyrste kjem snart or den laage Grop;  
ein Dag er tendrad, fyrr en hin er slokken,  
og Kveld og Morgon renna heilt i Hop.  
Snart vaknar upp den kvilde Fugleflokken  
og helsar Morgonen med Glede-Rop.  
So riser Soli til den lange Svingen  
og set ein annan Lit paa heile Kringen.

Kom, lat oss nøyta Tidi, som ho skrider,  
og minnast, at ho skrider ofsa fort.  
Med kvar ein Dag, med kvar ein Kveld, som lider,  
eit Stig mot myrke Vetteren er gjort.  
Det kjem ein Dag, daa kvar ein Blom, som bider,  
er fallen av; og slikt eit Fall er stort.  
Di skal eg sjaa paa Blomen, fyrr han blaknar,  
og nøyta Sumar'n, fyrr eg honom saknar.

---

*Ivar Aasen*

## Referat frå Rotarymøte 2. september 2019.

(ingen referent)


President Bjørn Teigene presenterte dei 6 partia på Hareid som stiller liste på valget neste mandag. Alle partia fekk 7 minutt til å presentere seg.

## Referat frå Rotarymøte 9. september 2019.

Programfritt møte på valdagen.

## Referat frå Rotarymøte 16. september 2019.

Inter-citymøte. Guvernør Greta K. Herje på Quality Ulstein Hotel



## **Referat frå Rotarymøte 23. september 2019.**

Ego-foredrag ved Anne Gry Eilertsen.

## **Referat frå Rotarymøte 30. september 2019.**

( Referent Karin S. Holstad)

Det var i utgangspunktet eit programfritt møte med kaffi og gode vafler.

Men det var nokre saker som likevel kom opp.

-Sverre Bjåstad refererte frå 65-års jubileum til Stranda Rotary, der han var gjest.

-Sverre Jarl Ulstein informerte om framdrift/plassering av gapahuk nr.2

-Vegard Gjerde refererte frå Årets distriktskonferanse der han representerte Hareid Rotary.

-Karin Svendsen Holstad informerte om vårt District Grant prosjekt i Peru. Trf-komiteen fekk klubben med på å arbeide vidare med prosjekt 2-toalett/dusjar. Det er innhenta kostnadsoverslag frå Daniel Monge, som representerer AREQUIPA ROTARY CLUB.

Deretter god prat rundt borda.